

Fra: Lene Mari Fjeldsbø (Lene.Fjeldsbo@hfk.no)

Sendt: 22.01.2014 10:07:45

Til: Offisiell post til alle skoler

Kopi: Svein Leidulf Heggheim; Berit Roksvåg; Linda Farestveit; Berit Nyland

Emne: Kartlegging av internasjonale aktivitetar i 2013

Vedlegg:

Til dei vidaregåande skulane i Hordaland

Kartlegging av internasjonale aktivitetar i 2013

Opplæringsavdelinga gjennomfører ei kartlegging av internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Føremålet med undersøkinga er å få ei oversikt over dei aktivitetane som har funne stad i 2013, slik at dette kan vidareformidlast i samband med fylkeskommunen si årlege rapportering til politikarane. Det er viktig at det verdifulle arbeidet som skulane gjer, vert synleggjort. Vi ber vi om at alle skulane svarer på den vedlagte undersøkinga, då ei slik kartlegging hjelper oss i Opplæringsavdelinga i utviklinga av internasjonaliseringsarbeidet.

Svarfristen er 7. februar 2014

I tillegg til kartlegginga av aktivitetane, er det lagt til nokre spørsmål knytt til motivasjon og hindringar for det internasjonale arbeidet, samt kva for informasjon og assistanse de ønskjer å få frå fylkesadministrasjonen.

Dersom de har spørsmål til undersøkinga kan de ta kontakt med Opplæringsavdelinga v/Lene Fjeldsbø (lene.fjeldsbo@hfk.no tlf. 55 23 95 28) eller Berit Roksvåg (berit.roksvag@hfk.no tlf. 55 23 95 46).

Klikk på lenka nedanfor for å kome inn på spørjeskjemaet.

<http://www.survey-xact.no/LinkCollector?key=YN5YJKKXCKC2>

Takk for hjelpa!

Venleg helsing

Svein Heggheim,

Fylkesdirektør for opplæring, Hordaland fylkeskommune